




Høgskulen  
på Vestlandet



Kulturtanken  
Arts for Young  
Audiences  
Norway

Innovasjonsprosjektet

# **Skole og konsert – frå formidling til dialog (DiSko)**



## **Produksjonsrapport 1, 2018**

Kari Holdhus og Magne Espeland

**CASE rapport 2018/1**

**ISBN 978-82-7709-218-8**

**Publisert av:**

Center for Creativities, Arts and Science in Education (CASE)  
Høgskulen på Vestlandet, Stord Campus  
Klingenbergsvegen 8  
5414 Stord

**Copyright:**

Kari Holdhus og Magne Espeland, 2018

Det må ikke kopierast frå rapporten i strid med åndsverklova og fotografilova eller i strid med avtalar om kopiering inngått med KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Innovasjonsprosjektet

# **Skole og konsert – frå formidling til dialog (DiSko)**

---

Produksjonsrapport 1, 2018

---



# Innhald

---

<b>1.0 Bakgrunn .....</b>	<b>7</b>
1.1 Kort om DiSko-prosjektet.....	7
1.2 Om Produksjonsrapport 1.....	8
1.3 Prosjektdesign og prosjektaktivitetar.....	8
<b>2.0 Forskningsaktivitetar og analyse frå hausten 2017 .....</b>	<b>10</b>
2.1 Rapporten i lys av problemstillingar og målsetjingar for prosjektet .....	10
<b>3.0 Didaktiske analysekategoriar.....</b>	<b>13</b>
<b>4.0 Kunstnarlege analysekategoriar .....</b>	<b>17</b>
<b>5.0 Analyse av aktivitetar på skole .....</b>	<b>21</b>
5.1 Skole 1- rammer for DiSko -pilot.....	21
5.1.1 Deskriptiv synopsis.....	22
5.1.2 Vurdering.....	22
5.1.3 Drøfting og forslag til tiltak for gjennomføring av pilot på Skole 1.....	24
5.2 Skole 2- rammer for DiSko -pilot.....	26
5.2.1 Deskriptiv synopsis.....	26
5.2.2 Vurdering.....	26
5.2.3 Drøfting og forslag til tiltak for gjennomføring av pilot på Skole 2 .....	29
5.3 Skole 3- rammer for DiSko -pilot .....	31
5.3.1 Deskriptiv synopsis.....	31
5.3.2 Vurdering.....	32
5.3.3 Drøfting og forslag til tiltak for gjennomføring av pilot på Skole 3 .....	33
5.4 Skole 4- rammer for DiSko -pilot.....	35
5.4.1 Deskriptiv synopsis.....	35
5.4.2 Vurdering.....	36
5.4.3 Drøfting og forslag til tiltak for gjennomføring av pilot på Skole 4 .....	38
<b>6.0 Oppsummerande drøfting etter DiSko-prosjektet sitt første intervensionssemester .....</b>	<b>41</b>
6.1 Frå utprøving til pilot og prototype.....	43
<b>Vedlegg 1: "Beredskapsdokument" på bakgrunn av produksjonsrapport 1 .....</b>	<b>46</b>
<b>Vedlegg 2: DiSko observasjonsskjema.....</b>	<b>49</b>



# 1.0

## Bakgrunn

---

### 1.1 - Kort om DiSko-prosjektet

Gjennom forskingsprosjektet ”Skole og konsert – frå formidling til dialog” (DiSko) arbeider deltakarane med korleis ein kan produsere og distribuere konsertar og anna kunst for elevar i skolen på en slik måte at det kan oppstå eigarskap hjå alle grupper av deltakarar.

Dette innovasjonsprosjektet har m.a. som utgangspunkt at eigarskap oppstår gjennom likeverdige relasjonar. På denne bakrunnen initierer DiSko-prosjektet praktiske innovasjonsprosessar knytt til konsertproduksjon/musikkmøte mellom lærarar, elevar og musikarar. Prosjektet vil drive innovasjon på musikkdelen av Den Kulturelle Skolesekken (DKS). Prosjektet er 4-årig og er eigmeldt av Kulturtanken. CASE-senteret ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er utførande prosjektpartnar, og prosjektet er finansiert av Norges Forskningsråd og Kulturtanken.



## 1.2 – Om Produktionsrapport 1<sup>1</sup>


Produksjonsrapport 1 inngår i ein serie planlagde rapportar frå prosjektet Skole og konsert – frå formidling til dialog (DiSko). Desse rapportane blir utforma undervegs med og parallelt med FOU-prosessen og er ein del av arbeidet med å dokumentera prosjektet og spreie informasjon til aktuelle brukarar, t.d. skular, høgskular og universitet, interesserte musikarar, tilsette i DKS og fylka sine produksjonsmiljø.

Produksjonsrapport 1 sitt datagrunnlag og bakgrunnsmateriale er observasjon, filmar, bilete, opptak av lyd, forskingsnotat (sjå vedlegg 2), refleksjon og analyse frå prosjekthendingar, t.d. musikarbesøk som er gjennomført på prosjektet sine fire skolar hausten 2017. Dette var prosjektet sitt semester nummer to, og det første med vekt på å gjennomføra aktivitetar direkte med elevar. Det første semesteret gjorde forskarane kartlegging av skolane gjennom observasjon og intervju med representantar for personalet. Resultata frå den kartlegginga er publisert i Tilstandsrapport 1<sup>2</sup>. Produksjonsrapport 1 gjer greie for aktivitetar som har gått føre seg på skolane hausten 2017 og forskarane sin analyse av aktivitetane. Forskarane kjem og med klare råd for vidareføring av desse aktivitetane i retning av pilot-produksjonar våren 2018. Planen for desse pilotane er at dei vil kunne utviklast til eksempel/prototypar som kan vere rådgjevande for produksjonar og prosjekt som fylke, kommunar og kunstnargrupper kan setja i gong.

## 1.3 – Informasjon om DiSko-skolene

DiSko-prosjektet er utforma med didaktisk designforskning som ei viktig metodologisk inspirasjonskjelde. Aktivitetane som er skildra og analysert i denne rapporten, kan i hovudsak plasserast innan prosjektdesignet som delaktiviteten ”Designe og gjennomføre” (sjå fig. 1), men rapporten har også til hensikt å ”Evaluere og validere” for både å bidra til innovasjon av praksis, handlingskompetanse og forskningsbasert forståing.

**Fig. 1: DiSko, prosjektdesign**



Den faglege og kontekstuelle bakgrunnen for å starta prosjektaktivitet med vekt på utprøving av dialogiske musikarbesøk på skolane, var forskarane sine data og analysar frå møte med representantar for skolane i løpet av det første kartleggingssemesteret. I løpet av våren 2017 bestemte KT og forskarane i samråd med skolane kva for konkrete musikargrupper skolane skulle samarbeida med. Det blei også fastlagt kva for klassar og lærarar som skulle delta i prosjektet på kvar skole. Kartleggingssemesteret blei avslutta med eit felles møte mellom musikarar og lærarar på dei respektive skolane, der partane blei kjende og fekk diskutera planar for aktivitetar.

Haustesemesteret 2017 blei innleia med eit to-dagars felles seminar for alle deltagarane i DiSko-prosjektet. Her blei deltagarane informerte om bakgrunnen for prosjektet, og dei første ideane til ulike delprosjekt kom på bordet. I løpet av hausten starta utprøving av slik aktivitet med elevar. Ut over dei valde rammene ga prosjektet i denne fasen få rammer for innhaldet for det som skulle skje, og aktørane kunne fritt finna ei retning for aktivitetar med klassane. Forma på samarbeidet var det også opp til dei ulike partane å finna ut av.



1 Bilde frå skolane i rapporten er frå aktivitetane hausten 2017

2 Se <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2477288>

4 McKenney, S. & Reeves, T. (2012). Conducting Educational Design Research. London: Routledge.

## 2.0

# Forskningsaktivitetar og analyse frå hausten 2017

---

I DiSko-prosjektet blir data samla inn og analysert på ulike måtar. I hovudsak er svært mange av møta mellom elevar, lærarar og kunstnar blitt observert av forskarane i prosjektet, men prosjektet baserer seg også på sjølvrapportering med appen Capture for Box der deltagarane filmar og refleksjonar munnleg og skriftleg over det som skjer, og legg slike data i det felles digitale lagringssystemet, Box.

### **Forskarane som har deltatt i dei to første semestera er:**

Professor og forskingsleiar Magne Espeland, 1. Lektor Jorunn Thortveit (Universitetet i Stavanger), høgskolelektor Synnøve Kvile, 1. amanuensis og prosjektleiar Kari Holdhus og masterstudentane Markus Oliver Kydland, Annika Olsen (Høgskulen på Vestlandet) og Miriam Førde (Høgskolen i Sørøst-Norge).

Forskarane har i tillegg til eigne feltnotat nytta observasjonsskjema (sjå vedlegg 2), samt brukt kamera og lydopptak. Lydopptak frå sentrale samtalemøte blei transkribert og lagt inn i analyseprogrammet Hyper Research med påfølgjande analyse.

## 2.1 – Rapporten i lys av problemstillingar og målsetjingar for prosjektet

### **Analyse av aktivitetane tar utgangspunkt i prosjektet sine målsetjingar.**

**Desse er formulert slik:**

#### **Hovudmål:**

Aktivitetane skal bidra til å utvikle ny forskningsbasert og innoverande praktisk og teoretisk kunnskap om dialogiske skolekonsertmodellar og korleis slike modellar kan bidra til å utløyse og forsterke skolar sitt eigarskap til kunstformidlingsordningane.

**Delmål 1:** Identifisere og beskrive organisatoriske og faglege føresetnader i skolen og hos kunstformidlingsinstitusjonen for å utløyse fungerande partnarskap mellom skolar og kunstnarar i dialogbaserte kunstproduksjonar.

**Delmål 2:** Utvikle og utprøve didaktiske og kunstnarlege teknikkar og metodar, og beskrive kunnskapar og haldningar som må vera til stades hos musikarar og lærarar for å kunne gjennomføre dialogiske kunstproduksjonar.

**Delmål 3:** Utvikle, utprøve og beskrive ulike aspekt ved minst 3 ulike prototypar (typologiar) av dialogorienterte skolekonsertformer som kan vera muleg å gjennomføre i DKS og som kan gje mening for andre som arbeider med kunst for barn.

**Delmål 4:** Levere forskingsbaserte rapportar, ein implementasjonsplan og ei webbasert ressurspakke (toolkit) for spreiing og vidareutvikling av praksisar knytt til dialogiske skolekonsertformer.

**Forskningsfokuset i DiSko- prosjektet er formulert slik:**

**Problemstilling:** Korleis kan dialogorienterte konsertpraksisar utformast og utviklast på ein slik måte at dei lettare kan integrerast meiningsfullt og profesjonelt i skolar si daglege verksemd, og korleis kan skolar leggja til rette for at ei slik integrering kan finne stad i arbeid med læring og danning?

Produksjonsrapport 1 tek først og fremst for seg aspekt ved delmål 2 og 3, og vil vera eit delbidrag til å svara på den overordna problemstillinga.

Det er verd å understreka at rapporten i hovudsak byggjer på data frå prosjektet sitt andre semester og det første med praktisk intervension, og at det er planlagt ytterlegare fire semester med intervensionar, innovasjonsarbeid og analysar samla sett i prosjektet. Det er derfor viktig å ikkje sjå på denne rapporten som konkluderande for arbeidet i prosjektet, men som eit oppsummerande underveis-dokument som skal danna grunnlag for vidare arbeid.




## 3.0

# Didaktiske analysekategoriar

I inngangen til analyse av videomateriale og forskingsnotat har me nytta oss av a priori kategoriar. Ved bruk av a priori kategoriar i analysane ser me etter bestemte aspekt ved det som føregår med bakgrunn i ei vurdering av kva som er forventa. Sidan dette er eit innovasjonsprosjekt som har eit beskrive siktemål uttrykt som utvikling av dialogiske skolekonsertmodellar og med spesifiserte delmål, eignar a priori kategoriar seg betre enn 'a posteriori' kategoriar, dvs. at ein har ei heilt open haldning til det ein skal sjå etter. Ein didaktisk modell, 'Spidermodellen' (Van den Akker, 2006<sup>4</sup>), har vore utgangspunktet for våre 'a priori' kategoriar. Modellen er tilpassa DiSko-prosjektet og skisserer ei rekke kategoriar som ein må ta omsyn til og som er i spel når undervisning skal planleggjast og gjennomførast.

**Modellen ser slik ut når vi brukar den i Disko-prosjektet:**



**Fig. 2: Didaktiske analysekategoriar.**

Modellen er grunngitt i didaktisk litteratur og har styrken sin ved at den skisserer kategoriar som gir eit godt bilde av kva for aspekt som er i spel når aktivitetar på ein skole skal planleggjast og gjennomførast. Kategoriane i 'Spidermodellen' heng nøye saman, t.d. Stad, Tid og Opplevings- og læringstilhøve, og alle kategoriane har den premissen at dei er direkte påverka av grunngevinga (rationalet) for den aktivitetens som er planlagt eller som finn stad.

Modellen er opprinnleget tenkt som eit planleggingsinstrument for gjennomføring av praktiske opplegg for opplæring og undervisning i ein tradisjonell læringskontekst der lærarar og elevar er dei sentrale aktørane. Den har difor ikkje 'kunstnarrolle' med som kategori og har heller ikkje med kategorien 'oppleveling'. Desse er tilført av oss i samanheng med fokuset i DiSko-prosjektet på skolekonsertar og musikk. Den opphavelege 'Spider-modellen' har heller ikkje med 'elevrolle' som kategori, men den finst indirekte gjennom kategoriar som t.d. 'opplevelings og læringstilhøve' og 'gruppering'. Elevrolle kan også vera aktuell innanfor ressurskategorien i skolekonsertsamanheng. Eit gjennomgåande trekk ved våre analysar er at me ser etter kva for kategoriaspekt som er viktige ved utprøving og gjennomføring av aktivitetar, t.d. kva slags elevgrupperingar som er naudsynt for gjennomføring av det som er planlagt. Me ser også alltid etter korleis det dialogiske utspelar seg, både i forhold til dei rollene som deltakarane har, t.d. kunstnar og lærarrolle, og det dialogiske aspektet i utforminga av planlegging i form av idé og intensjon.

Når me analyserer etter prinsippa i didaktisk designforsking vil ein både kunna vera skildrande og vurderande (som i anna kvalitativ forsking), men ein kan også vera kritisk og kreativ, dvs. ha synspunkt på det som blir gjennomført og tenkja seg alternative måtar for å gjennomføra aktivitetar på. I 'Spidermodellen' innbyr nokre av kategoriane til rein skildring, t.d. tid, stad, gruppering, mens andre innbyr i langt sterkare grad til vurdering (vurdering her forstått som synspunkt).

### Me har valt følgjande 'a priori' analysekategoriar:

- **Kontekst** (ulike aspekt ved 'rom', 'gruppering', 'tid')
- **Resursar og materiell** (om personar involvert, utstyr, elevar som ressurs)
- **Kunstnarolle** (ulike aspekt kunstnaren si rolle på ulike tidspunkt)
- **Elevrolle** (ulike aspekt ved eleven si rolle på ulike tidspunkt)
- **Lærarolle** (ulike aspekt ved læraren(e) si rolle på ulike tidspunkt)
- **Opplevings- og læringstilhøve** (ulike aspekt ved situasjonar der oppleveling og læring kan observerast)
- **Relevans** (om aktiveten sitt forhold til planverk, samfunn og andre makro-kontekstar)
- **Dialog** (ulike dialogiske aspekt ved drøftingar, samhandling, samtalar, handlingar og/eller mangel på slike)

---

4 Van den Akker, J., Gravemeijer, K., McKenney, S., & Nieveen, N. (Eds.). (2006). 36. Educational design research. London: Routledge.

---

Aktivitetane som er observert er samla sett også kommentert ut frå formuleringane i prosjektet sitt delmål 2: "... beskrive kunnskapar og haldningar som må vera til stades hos musikarar og lærarar for å kunne gjennomføre dialogiske kunstproduksjonar", og kva for aktivitetar som har potensial til å kunna bli del av, eller samla sett, ein prototype som kan overførast til andre kontekstar og gjennomførast på andre skolar med andre musikarar eller musikar/kunstnar-grupper.

Det meste av det som er skrive til nå dreier seg om det didaktiske. Det kunstnarlege er sjølvsagt og eit viktig fokus i DiSko-prosjektet.

I det neste avsnittet går me difor nærmare inn på det 'kunstnarlege', både fordi me meiner ei gjennomtenking av kva dette omgrepet inneber er viktig til ei kvar tid, men kanskje mest fordi me meiner ei gjennomtenking og drøfting av omgrepet 'kunstnarleg' er spesielt viktig i eit prosjekt som har som siktemål å innovera skolekonsertpraksisar der både kunst og skole pr. definisjon, og som utgangspunkt, er to viktige og heilt sentrale element.





## 4.0

# Kunstnarlege analysekategoriar

---

Me brukar fire former for kunstnarlege fokus innanfor det me kan kalla dialogiske skolekonsertformer. Den første vil me kalla kunstnarleg formidling, (Kf). Her er kunsten i fokus (verket, låten, førestillinga etc.) og formidlinga av verket eller ulike sider ved eit kunstverk til elevane. Det er dette som har vore det tradisjonelle siktemålet for Rikskonsertane sine skolekonsertar. Slike produksjonar har ofte ein dialogisk intensjon i form av material som er sendt ut, og ulike former for involvering av elevar, i hovudsak mens skolekonserten finn stad på skolen, men også som førebuing.

Det andre fokuset har me kalla kunstnarleg aktivitet og øving (Kaø). Her er det verksemda til kunstnaren som er i fokus, typen verksemrd (synge, dirigere, komponere etc.), måten ein arbeider med musikalsk materiale i det aktuelle feltet for at det skal kunna bli det ein kan kalla eit ‘kunstverk’, og kva og korleis ein må øva på å meistra kunstnarlege uttrykksformer og verkemiddel. Ein musikkfagleg kunstnar brukar ulike kunstnarlege verkemiddel for å skapa eit kunstverk, t.d. instrument, teknologi, riff,akkordprogresjon, dynamisk uttrykk og utvikling osb.

Det tredje fokuset me vil dra fram er kunstnarleg identitet (Ki). Kva for ein person er kunstnaren, korleis kler han/ho seg, korleis står han/ho fram, og kva for eigenskapar kan/bør ein kunstnar ha for å vera kunstnar innanfor visse sjangrar (til dømes samtidskomponist, singer-songwriter, operasongar, jazzmusikar)


Det fjerde og siste fokuset har me kalla kunstnarleg miljø og kontekst (Kmk). Dette dreier seg om miljøet der kunst blir framført eller oppstår, t.d. konsertsalen, viseklubben, studioet, galleriet, eller, som oftast i tradisjonell skolekonsertpraksis, eit område/rom på skolen som har eller er omgjort til ein scene. I nokre tilfelle går skolekonsertar føre seg i ein konsertsal, t.d. konserter med symfoniorkester. Når kunstnarar kjem til skolen, kan skolekonteksten også få rom og rammer som imiterer eit kunstnarleg miljø, t.d. ein scene, bruk av lys og effektar, eller i måten sjølve konserten blir utforma på. Relasjonell estetikk og den praksisen som fell inn under denne estetikken opnar t.d. opp og tar i bruk ulike stader, ikkje berre spesielle kunstkontekstar, der kunst kan lagast eller kan oppstå.

Innanfor skolekonserttradisjonen har me mange døme på det første og det siste fokuset, kunstnarleg formidling og kunstnarleg miljø og kontekst, t.d. tidlegare Rikskonsertane si verksemrd og ‘skolekonsertar’ der symfoniorkestra inviterer store elevgrupper inn i den ekte konsertsalen. Kunstnarleg aktivitet og øving (Kaø) og kunstnarleg identitet (Ki) finst det sikkert også fleire døme på. Ofte vil me kunna seia at det som går føre seg er kombinasjonar av slike fokus, men i

dei fleste tilfelle innanfor skolekonserttradisjonen slik me kjenner den, vil kunstformidling (Kf) vera alt overskyggande, og i alle fall vera det uttalte utgangspunktet for skolekonsertordninga frå Storting og departement.


Når DiSko-prosjektet skal utvikla nye former for skolekonsertar som skal vera dialogiske og beskriva prototypar av slike, ser me alt på dette tidspunktet i prosjektet at bruk av utvida og breiare ‘kunst’ og ‘kunstnarleg’ omgrep kan bli ein viktig premiss for innovasjonsarbeidet, t.d. ved at me i langt større enn før kan utvikla konserter/musikkmøte som har eit breiare fokus enn kunstnarleg formidling (Kf). Når me tenkjer analyse og klassifisering av dei ulike aktivitetane (kva er det som skjer og korleis kan me beskriva det) meiner me desse fire foki på omgrepet ‘kunstnarleg’ kan vera nyttige for innovasjonsarbeidet. Det kan då bli rom for å klassifisera skolekonsertmodellar, ikkje berre etter tema, innhald, genre osb., men også etter kva for aspekt ved ‘det kunstnarlege’ som er utgangspunkt og intensjon med produksjonen. Dette kan framstillaust som i modellen under der dei ulike kunstnarlege foki er sett opp i ein matrisemodell som både gir rom for å klassifisera skolekonsertproduksjonar med eit hovudfokus, t.d. kunstnarleg formidling (Kf), og som produksjonar som vil ha fleire tilleggsfokus, t.d. som i tillegg til Kf også legg vekt på kunstnarleg identitet (Ki). Den sist nemnde vil då plassera seg ein stad i den høgre kvadranten i modellen, plassert etter vekta på formidling og identitet. Ein produksjon som legg like stor vekt på alle dei fire kunstnarlege utgangspunkta, noko som truleg berre er teoretisk, vil plassera seg midt i matrisekrysset i modellen.

**Fig. 3: Kunstnarlege utgangspunkt for skolekonsertproduksjon**



Basert på det me har sett til nå i prosjektet er det ei målsetjing for Disko-prosjektet å kunne utvikla dialogiske prototypar på skolekonsertformer som har ulike kunstnarlege foki. Me meiner ikkje med dette å hevda at slike produksjonar berre vil ha utgangspunkt i ein kunstnarleg kategori, t.d. kunstnarleg identitet eller kunstnarleg formidling, men ei bevisst utvikling av produksjonar som dekkjer ein større breidd av det kunstnarlege, kan gje rom for større variasjon både i form, innhald og gjennomføring.

I svært mange tilfelle vil det truleg ligga godt til rette for at produksjonar kan ha meir enn ein kategori som utgangspunkt, t.d. i form av å leggja vekt på kunstnarleg identitet som hovudfokus, men med andre kunstnarlege fokus, t.d. kunstformidling og kunstnarleg aktivitet og øving integrert. Når det gjeld den sist nemnde kategorien kan ein sjølvsagt stilla spørsmål ved om denne kategorien opnar for reell elevmedverknad. Elevar er jo ikkje kunstnarar og kan ikkje driva med kunstnarleg verksemd vil mange meina. Etter vårt syn kan også denne kategorien leggja stor vekt på elevmedverknad dersom ein tenkjer seg at elevar kan øva seg på å brukha og bli kjende med ulike kunstnarlege verkemedel som kan resultera i eit produkt. Om dette produktet eller resultatet vil vera kunst eller berre eit øvingsstykke, er eit heilt anna spørsmål.





## 5.0

# Analyse av aktivitetar på skole

---

Det analyserte datagrunnlaget er levert av forskrarar, lærarar og musikkarar. Materialet omfattar videofilmar av heile eller delopplegg med klassar, foto av formidlingssituasjonar, audioreferat, observasjonsnotat, korte situasjonsfilmar og opptak av produkt på forskjellige stadium gjennom det første intervensionssemesteret, hausten 2017. Analysane er grunnlaget for å skildra rammer for det neste stadiet i DiSko-prosjektet, utprøving av pilotar. Ein pilot i denne samanhengen er ei rammeskildring av ein skolekonsertproduksjon som skal prøvast ut meir systematisk, på bakgrunn av dei erfaringane som vart gjort det første semesteret. Pilotar er ikkje ferdige produksjonskonsept, men opne og uferdige. I den forstand er dei forstadiet til det som vi i dette prosjektet kallar ‘prototyper’ på dialogiske skolekonsertproduksjonar og slik sett er dei nye prosessar som skal observerast og analyserast. I dei følgjande avsnitta gjer me greie for vegen frå sporadiske utprøvingar og erfaringar til skisse av pilotar som blir prøvd ut våren 2018 på dei fire skolane.

## 5.1 – Informasjon om DiSko-skolene

### Arbeidsnamn for denne piloten: Cover me!

- **Musikkarar:** 1 musikar, som også er singer- songwriter
- **Elevar:** To klassar, 5. Trinn
- **Lærarar:** Ein musikklærar, to klasselærarar
- **Tid:** Fem musikkarbesøk, 1 klokkeime pr. klasse ved kvart besøk, musikar arbeider vidare med elevarbeid mellom besøka, elevane øver med musikklærar mellom besøka
- **Stad:** I klassen sitt vanlege klasserom og i musikkrommet og andre stader
- **Utstyr:** Avspelings- og opptaksutstyr, gitarar, trommer og rytmeinstrument
- **Planlegging/evaluering:** Etter kvar aktivitet med klassane
- **Relevans:** Komponering og musisering i læreplanen for musikk. Relaterer seg også til engelsk, norsk og samfunnsfag

## 5.1.1 - Deskriptiv synopsis

**Ide og intensjon:** Klassen møte ein singer-songwriter og prøver ut å arbeida som ein singer-songwriter.

### Kva har skjedd i utprøvingssesteret?

De fleste øktene har gått føre seg som ei blanding mellom heil og delt klasse, med musikaren, musikklærar og klasselærar til stades. Teamet har gjennomført tilnærma det same opplegget i begge klassar kvar gong. Musikaren presenterte seg sjølv med ein konsert den første dagen. Elevane hadde lært to gitargrep frå før, noko musikar var informert om. Deretter arbeidde elevane saman med musikaren på ein coverlåt, før dei fikk velja mellom to musikalske idear musikaren skulle komponera vidare på. Frå dette punktet gjekk prosessen framover med at musikar tok med seg idear på tekst/musikkdelar heim og arbeidde litt vidare med desse. Då han kom tilbake neste gong, presenterte han det han hadde gjort, og klassen fekk høve til å syngja og spela låtar som bygde på deira eigne tekst- og musikalske idear. Den siste gongen i semesteret framførte klassane ein låt for kvarandre, med musikar som medmusikant og som 'fill-in' der det høvde.

Musikar kallar klassen for "bandet" sitt, dei er singer-songwritarar. Aktivitetane er lagt opp til å likna ein singer-song (SS) writer-praksis med innleiande konsert der SS blir presentert som ei kunstnarleg verksemد og der kunstnaren framfører Singer-songwriter-låtar (eigne og andre sine), og der det didaktiske blir tilpassa og omforma til å vera ein modell av Singer-songwriter sin måte å arbeida på. Det er også sterke element av kunstnarleg SS identitet her, der musikar kler seg (med hatt) og andre kjenneteikn når han konserverer. Det didaktiske manifesterer seg på mange måtar, t.d. sett i forhold til læringsprinsipp som 'imitasjon' og modellæring. Opplegget står fram som primært prosessorientert, men med framføringer inniblant og til slutt.

## 5.1.2 - Vurdering

**Elevrolle:** Elevane får høve til å vera svært aktive, deira forslag og produkt blir brukt direkte, dei får hele tida velja mellom alternativ, og dei har arbeidd med komponering og dikta songar. Musikar gjer kvalitative val heile tida. Elevane må bruka spelekompetansen sin for å få låtane til å lyda bra. Lydbiletet i klassen er komplekst, og det er til dels ein god del sosiale utfordringar som går f. eks på kjønn (jenter vil ikkje syngja, jenter vil berre syngja) eller sosiale relasjoner. Nokre elevar greier ikkje å følgja reglar for lyd når dei har instrument. Elevane får koma med idear og opplever å bli høyrt, men musikar vel også ut nokre idear som han vil arbeida vidare med mellom besøka. Alle får dermed ikkje oppleve at deira idé/ låt/tekst blir arbeidd vidare med, men ofte har musikaren sett saman fleire forslag og krediterer fleire elevar for resultatet.

**Lærarolle:** Musikkklærar og musikar arbeider tett saman. Musikkklæraren si rolle er å leggja til rette for musikarbesøket gjennom å øva på songar og gitargrep som er utgangspunkt for det musikar gjer når han kjem. Musikkklærar kan også ta ut halve klassen for øving på noko uferdig mens musikar jobbar med noko anna med den delen av klassen som er igjen. Klasselærar er aktivt til stades, men det er musikar som leiar øktene. Læraren ser ut til å ha hatt stor påverknad både på type aktivitet og musikkval. Dei to klasselærarane synes prosjektet er strålende, men er opptekne av å halde ro i klassen. Me har ikkje observert at arbeidet blir følgd opp i andre timar, t.d. tekstarbeid i norsk- eller engelsktimar, eller at samfunnsfag tar opp songar og viser som politiske eller sosiale ytringar, slik det blei gjort forslag om i det første planleggingsmøtet mellom partane. Prosjektet avgrensar seg til timar med musikk i, sjølv om nokre timar, gjerne norsk eller engelsk er blitt ”tatt” til prosjektet. Dei to klasselærarane ser ikkje ut til å vera like direkte involvert i prosjektet som musikkklæraren, noko som kan skuldast at intervensjonen legg opp til tydeleg praktisk-musikalsk verksemd.

**Kunstnarrolle:** Kunstnaren har bevisst tatt på seg rolla som singer/songwriter, og intensjonen hans ser ut til å vera å la elevane kjenna på kroppen korleis denne personen jobbar i spennet mellom tekst, musikk og komposisjon. Metodikken hans er svært tydeleg. Han jobbar som musikar i klassen gjennom å styrka delar av spel der det trengst, men også som komponist/tilretteleggjar/undervisar av det kompositoriske og dikteriske. Han brukar tid mellom timane på å sy saman elevar sine innspel til noko klassen kan jobbe med ved neste korsveg.

**Det dialogiske:** Dialogen mellom musikar og musikkklærar ser ut til å vera ein sterk samarbeidsrelasjon, der dei t.d. improviserer i samtale om kven som tar kva for arbeidsoppgåver i klassen etter som dei ser korleis timane utviklar seg. Det ser ut til at klasselærarane sin kompetanse ikkje i same grad er teken i bruk i prosjektet. Dei er positive, men synes ikkje å vera inkludert som fagpersonar og involverer seg heller ikkje direkte, bortsett frå at dei støttar opp om eit opplegg som for oss ser ut til å vera drive av musikar og musikkklærar. Me er også usikre på i kva grad prosjektet til nå har hatt ein god nok dialog med skolen sitt personale og andre elevar. Slik sett kan verksemda på skole 1 sjå ut til å vera ei musikkfagleg ”øy” i skolen si samla verksemd.

**Kunstnarleg utgagnspunkt:** Me vurderer denne produksjonen til i hovudsak å ta utgangspunkt i kunstnarleg identitet (Ki), men der er også viktige innslag av kunstnarleg aktivitet og øving (KaØ), fordi elevane øver seg på å bruka og bli fortrulege med kunstnarlege verkemedel som å skapa musikalske idear og tekstar og utvikling av desse, samt framføringar av sjølvskrivne songar. Samstundes har opplegget eit fiktivt kontekstuelt aspekt ved seg ved at klasserommet blir omdanna til ein slags singer-song writer-verkstad, og i noko grad har også opplegget eit kunstnarleg formidlingsaspekt ved at elevane lyttar til kunstnaren og andre sine songar og til dei songane elevane har vore med å laga sjølv.



### 5.1.3 - Drøfting og forslag til tiltak for gjennomføring av pilot på Skole 1

Elevaktiviteten og det kreative aspektet bør halda fram som ei viktig side ved piloten. Det same gjeld synergien i samarbeidet musikar/musikklærar. Ved å gå inn i rolla som eit singer-song writer-kollektiv lærer elevane både samarbeid, musikk og får kunnskap om ein kunstsjanger som er ei viktig side av musikken i samfunnet. Det er viktig at elevane blir trekt med inn i musikaren si verd og at elevane får skapa og oppleva at ideane deira blir tekne på alvor, noko som er heilt i tråd med elevsyn og læringssyn i det nasjonale rammeverket.

Me stiller spørsmål ved om i kva grad opplegget krev elevar med spesiell kompetanse, t.d. i gitar, og i kva grad gjennomføring av eit slikt opplegg krev ein musikklærar på skolen som har undervist elevane slik at dei har naudsynt kompetanse på starttidspunktet. Opplegget på skole 1 har ennå ikkje tatt i bruk klasselærarane sin kompetanse så vidt me kan sjå, men det kan vera gode grunnar til dette, og relasjonen til resten av skolen er ikkje tydeleg.

Opplegget på Skole 1 kan bli ei fin oppleveling for ein eller to klassar, men det er ein fare for at opplegget ikkje får stor påverknad for skolen samla sett. Det trengst etter vår oppfatning ein

diskusjon om korleis kompetansen og erfaringane i opplegget skal bli verande på skolen, både for lærarar og elevar, og det trengst ein godt planlagt kommunikasjon av prosjektet ut til resten av skolen og foreldra.

### **Forslag til spesielle tiltak/spørsmål før gjennomføring av pilot:**

- Førebuande møte som fokuserer på klasselærarane si rolle i prosjektet og drøfting av konkrete oppgåver for desse
- Ein plan for kommunikasjon og formidling av prosjektet til resten av skolen og til foreldre og ein plan for gjennomføring av piloten
- Vurdering av behovet for formidling gjennom framføringar. Kan det tenkjast fleire formidlingsmåtar enn tradisjonell konsert, t.d. som opptak/film, nettbasert songbook med lydfiler, med meir?
- Korleis kan opplegget gjerast meir aktuelt for fleire skolefag?
- Korleis kan resten av skolen bli involvert?

Me meiner utprøvingane hausten 2017 har vist ein god veg fram mot gjennomføring av ein pilot, og kanskje seinare ein prototype for produksjonar som m.a. handlar om kunstnarleg identitet. Det kan vera interessant å byta ut singer/songwriter med ein annan type musikar, til dømes ein lydkunstnar eller samtidskomponist for å sjå korleis føresetnader og rammevilkår då måtte tilpassast opplegget.



## 5.2 - Skole 2 - rammer for DiSko -pilot

### Arbeidsnamn for denne piloten: Songkick

- **Musikarar:** 2 musikarar (primært songarar, men spelar også piano, dirigerer, komponerer, skriver tekst etc.)
- **Elevar:** Ein klasse, 4. trinn, friviljuge frå andre klassar på mellomtrinn
- **Lærarar:** Klasselærar, musikklærar og assistentar. Musikalsk aktiv masterstudent
- **Tid:** Seks besøk, store deler av dagen ved kvart besøk
- **Stad:** I godt utstyrt musikkrom, gymnastikk sal
- **Utstyr:** Gitarar, piano, cajun
- **Planlegging/evaluering:** 2 innleiande planleggingsmøte, deretter kontinuerleg kontakt i skjerma gruppe på Facebook og fysisk etter kvart møte med elevar
- **Relevans:** I læreplanen for musikk. Relaterer seg også til fag som gym, norsk og samfunnsfag

### 5.2.1 - Deskriptiv synopsis

**Ide og intensjon:** Fordjuping i song og songar, arbeida med estetisk uttrykk i song, samanheng med tekst. Konsentrasjonstrening, trening i å oppdre.

#### Kva har skjedd i utprøvingssemesteret?

Dei fleste øktene med musikarar har gått føre seg i heil klasse med musikklærar og klasselærar til stades. Klassen har også vore delt i mindre grupper alt etter aktivitet. Musikarane har hatt minikonsertar for elevane, samt arbeidd med songar og rørsler til song for/med gruppa. Timane har vore fokuserte på kropp, stemme og stemmelyd og på det musikalske i songar. Mange av timane har enda opp med ei oppsummering/refleksjon der elevane har sett namn på det dei har gjort og opplevd og kjenslene sine rundt det. Klassen har framført fleire gonger for andre klassar i denne perioden og i et litt større ‘show’ før jul. Utvalet av songar blei etter kvart gjort i samarbeid mellom klasselærar og musikarar. Musikarane har komponert songar til elevane og innstudert dei.

### 5.2.2 - Vurdering

**Elevrolle:** Elevane er aktive innafor ramma av musikarane si styring og planlagde prosess. Klassen har mange elevar med forskjellige typar utfordringar, og kanskje spesielt problem med konsentrasjon og fordjuping over tid. Elevar som i utgangspunktet ikkje har utfordringar blir og prega av klassemiljøet – under musikarbesøk så vel som i andre timer (jfr. observasjon våren 2017). Klassen klarer i periodar av øktene å arbeida konsentrert med musikalske og songlege

utfordringar, men me vurderer det slik at det har vore svært utfordrande for dei å fordjupa seg i dette ein heil dag. Me erfarer at opplegg av denne typen maksimum bør vara 90 min. kvar gong, med innlagde pausar.

**Lærarolle:** Klasselærar og musikklærar er aktivt til stades, men det er musikarane som leiar øktene. Musikklærar er ofte akkompagnerande, mens klasselærar gjerne plasserer seg strategisk mellom utfordrande elevar. Klasselærar syng alltid med, og tek ansvar for øving mellom musikarbesøka. Lærarane, både musikklærar og klasselærar ser ut til å ha hatt stor innverknad både på type aktivitetar og musikkval. Begge synes å vera opptekne av at klassen skal få visa kva dei kan og er tydelege på at dei ønskjer at klassen skal kunne bidra på skolen si store førestelling i april 2018. Det er ofte assistentar til stades i klassen. Desse ser ut til å vera innforstått med innhaldet i prosjektet, men bidrar ikkje fagleg.

**Kunstnarolle:** Kunstnarane ser ut til å ha planlagt og fasilitert øktene i utprøvingsperioden nøyne. Noko av det som er blitt gjort er initiert frå lærarane i planleggingsmøter/elektronisk kommunikasjon. Kunstnarane viser sterkt engasjement både fagleg og sosialt. Framsyningane som lærarane, elevane og musikarane har stått for, er relativt konvensjonelt organisert, og kan bli styrka gjennom eit produsentblikk. Då kan musikarane i større grad få høve til å konsentrera seg om arbeidet med musikken, uttrykket og elevane. Sidan klassen har så store sosiale utfordringar, har det vore vanskeleg for musikarane å kunna utnytta til fulle potensialet sitt for kvalitetsarbeid med song og framføring.

**Det dialogiske:** Dialogen mellom musikarar og lærarar opplever me som svært god; her er det kjemi og opne kanalar mellom partane, og stor felles innsats for å hjelpe klassen musikalsk og sosialt. Det har vore digital utveksling av songar og kontakt mellom elevane i klassen og musikarane mellom besøka, og elevane har øvd på songar under leiing av klasselærar og musikklærar mellom musikarbesøka. Elevar og musikarar har sendt filmar til kvarandre. Lærarane og musikarane har hatt ein felles nettstad. Den digitale korrespondansen ser ut til å vera viktig for alle partane i utprøvingane som har vore til nå.

**Kunstnarlege utgangspunkt:** Mykje av innsatsen under utprøvinga har gått med til å hjelpe elevane til å fordjupa seg i songaktivitetane og gjennom det arbeid med fellesskapet i klassen. Desse aktivitetane blir dermed prega av elevane si øving på å meistra song og songuttrykk med vekt på det estetiske uttrykket; med andre ord øving på å meistra kunstnarlege verkemiddel. At dette går føre seg i gruppe eller klasse svekker ikkje eit slikt inntrykk, ettersom fellessong er sentralt i kunstnarleg korverksemد.

Øvingane inneholder også arbeid med puste- og songteknikk med sikte på forbetring av klang og uttrykk. Dersom Songkick som pilot legg vekt på framføringar i areala på skolen som har mest til felles med konsertsal tilrettelagt for framføringar, t.d. skolen sitt uteamfi, eller inneamfi, kan aktiviteten også få meir fokus på ein kunstnarleg kontekst. Kunstnarane har til nå ikkje lagt vekt

på at dei har ein kunstnarleg identitet som profesjonelle songarar. Men det kan sikkert leggjast inn i piloten og dermed kan det også bli eit element av kunstnarleg identitet (KI). Til sjuande og sist vil me likevel peika på at det i stor grad er kunstnarleg aktivitet og øving og kunstnarleg formidling (KF) som viser seg som det viktigaste elementet å byggja vidare på her. Me meiner det musikalske stoffet (songane) og den estetiske formidlinga av dei er gjennomgående i fokus, og at elevane (og lærarane) får arbeida med å fordjupa seg i uttrykk og foredrag i den musikken som er valt. Opplegget har til nå hatt ein resultatretta prosess – der det alt nå er avklart at denne prosessen skal føra fram mot ei større framføring.



### **5.2.3 - Drøfting og forslag til tiltak for gjennomføring av pilot på Skole 2**

Ei viktig side å ta vare på frå dei utprøvingane som har vore, er fordjupinga ein har greidd å få elevar i denne klassen til å strekkja seg etter, samt den positive kjensla det gir å kunne presentera songar med uttrykk og klangkvalitet for medelevar og lærarar. Det engasjerte samarbeidet mellom musikarar og lærarar er også svært positivt. Dei gode ordningane for kommunikasjon og erfaringsutveksling som det er lagt til rette for på skole 2 mellom alle partar er også ei viktig erfaring å ta med. Skolen si fleksible arkitektoniske utforming og tidsmessige design er ein stor fordel for dette arbeidet. Likeeins skoleleiinga si klare prioritering av prosjektarbeidet.

Det kan kanskje sjå ut for at for mykje av aktivitetane har gått med til sosialpedagogisk arbeid, noko som kan ha hindra musikarane i å ta ut sitt musikkfaglege og kunstnarlege potensial. Men slik er ofte skolekvarden og det er liten tvil om at songarbeidet også har eit viktig sosialt danningsaspekt. Organiseringa med lange økter, av og til i form av heile dagar har vore og er ei utfordring for elevane, men på same tid er det også eit poeng å bruka musikarane godt når dei først har ein heil dag til rådveldet (desse musikarane har 2 timars reiseveg til og frå skole 2).

I utprøvinga til nå har me for det meste sett konvensjonelle og sendar-mottakar relaterte visningar og framføringer. Det kan sjå ut som om prosjektet primært er denne klassen sitt prosjekt, og at resten av skolen ikkje har fått innsyn i prosjektet på same vis, men dette kan kanskje rettast på i piloten dersom det blir opna opp for at elevar frå andre klassar i større grad får vera med.

I arbeidet med piloten bør ein kanskje sjå på høve til å re-organisera dagane slik at både den utvalde klassen og andre elevar får tilgang til musikarane og deira kunstnarlege kapasitet. Det er lagt til rette for å henta inn ein produsent som kan være konsulent med tanke på førestilling/evt. at musikarar og lærarar set fokus på det sceniske produktet som skal framførast. I utprøvinga i haust blei det lånt ein del timer frå andre fag, og piloten bør kanskje leggja meir vinn på å gjera songaktiviteten aktuell for desse faga. Men det treng ikkje vera noko problem, ettersom ønskje om å styrka song er sterkt på denne skolen.

#### **Forslag til tiltak:**

- Skole 2 fokuserer på fordjupingsarbeid med det enkle estetiske uttrykket, samanheng med tekst, og ikkje minst variasjon (solo-gruppe etc.) i tillegg til eit forsterka fokus på presentasjon/framføring som mål for arbeidet
- Musikarane held fram med den valde klassen. I tillegg blir det invitert elevar frå 5.-7. klasse til eit kor som musikarane vil jobba med i 2. del av arbeidsdagen sin når dei er på skolen
- Heile resten av skolen får nokre felles songar å arbeida med
- Musikarane tar ein runde i alle klassane og presenterer seg – gjerne knytt til punktet over
- Musikarane brukar noko tid på eit lærarkurs om stemmebruk, start og stopp når det gjeld å syngja med elevar, samt arbeid med det estetiske uttrykket: sterkt-svakt, fort-sakte osv

- Skole 2 blir knytt til ein produsent som kan vurdera og gje råd i arbeidet med førestellinga  
Dette kan evt. skje gjennom møte og digital utveksling/kommentarar knytt til manus og opplegg
- Førestellinga blir styrka med ein pianist
- Dersom det blir praktisk muleg, blir det lagt underveis-filmar frå arbeidet ut på ein nettstad med passord, slik at elevane kan vise dette til foreldre, slekt og vene, og at lærarar på skolen og andre interesserte kan få eit innblikk i kva som skjer

Piloten "Songkick" vil ha ei hovudklasse å arbeida med der det er obligatorisk å delta. Men me ser også behovet for at interesserte elevar elles får delta friviljug i aktivitetar dei likar. Slike elevar kan gje musikarane høve til visa kva ein kan få til dersom elevar konsentrerer seg over tid og siktat mot å uttrykkja seg musikalisk og didaktisk på et akseptabelt nivå når det gjeld fordjuping og kunstnarleg innhald. Konseptet for Songkick-piloten bør difor organiserast slik at ein deler dagen der prosjektklassen får undervisning i tillegg til at musikarane jobbar med eit friviljug kor.

Songkick vil ha ei avsluttande framføring å arbeida fram mot. På denne skolen (som på ein del andre skoler) blir det planlagt ei større førestelling, og ein del av repertoaret for Songkick er blitt utvikla med dette for auga. Fylkeskommunen sin produsent vil vera konsulent for formidlingsarbeid, tekstar og dramaturgi i førestellinga. Den vidare utviklinga av Songkick fram mot å bli ein prototype vil bli skissert etter at førestellinga er gjennomført.



## 5.3 – Skole 3 – rammer for DiSko -pilot

### Arbeidsnamn for denne piloten: Muskarverkstad

- **Musikarar:** To musikarar (primært bandmusikarar/komponistar)
- **Elevar:** Ein klasse, 3. Trinn. Elevar som er kulturvertar<sup>5</sup> frå 7. Klasse også involvert
- **Lærarar:** 1 lærar til stades i klassen
- **Tid:** Fem gonger, heile/store delar av dagen ved kvart besøk
- **Stad:** I klassen sitt vanlege klasserom
- **Utstyr:** Bandutstyr, Ipader
- **Planlegging/evaluering:** På google doc, i lunsj/storefri ved besøk, på slutten av dagen
- **Relevans:** Læreplanen for musikk. Relaterer seg også til kunst- og handverksfaget og samfunnsfag

### 5.3.1 – Deskriptiv synopsis

**Ide og intensjon: Læra å komponera på iPad, leite etter lydar og klangar, spela bandinstrument**

#### Kva har skjedd i utprøvingssemestret?:

De fleste øktene har gått føre seg i heil klasse, med begge musikarane og klasselærar til stades. Det har også vore ein masterstudent med som har fungert aktivt som musikar. Klassen har og vore delt i mindre grupper. Musikarane har undervist ved hjelp av IPad, og på ulike bandinstrument. Alle aktivitetane blei summert opp den siste dagen, der det var laga til eit opplegg i form av ein ”bandkarusell”. Den same dagen hadde musikarane og elevane ein konsert for heile skolen i gymsalen. Der spelte musikarane, 3. Klasse og kulturvertane. Så blei elevane frå skolen sitt småtrinn delt opp i grupper som fikk 10 minutt i kvart av 4-5 forskjellige rom. I eitt av romma sto musikarane og spelte for dei, og elevane fekk laga rørsler til musikken. I eit anna rom skulle elevar teikna til musikken 3. Klasse hadde komponert på iPad, osv.

---

<sup>5</sup> Kulturvertar: Det er vanleg på mange skular at ei gruppe av dei eldste elevane får medansvar i å arrangere/gjennomføre eigne og besøkande kulturarrangement på skolen.

### 5.3.2 - Vurdering

**Elevrolle:** Elevane får vera veldig aktive innanfor musikarane si styring og planlagde prosess. Klassen har arbeidd hardt og har lært mykje i perioden. Kor mykje deira eigne ynskje og livsverd<sup>6</sup> er utgangspunkt for det som har skjedd, er me meir usikre på. Dei heile dagsøktene er slitsame for elevane og kan utfordra motivasjon.

**Lærarolle:** Klasselærer er aktivt til stades, men det er musikarane som leiar øktene. Lærarane ser ut til å ha hatt ein viss innverknad både på type aktivitet og musikkval. Klasselærar ser ut til å vera opptatt av at klassen skal få så mykje som råd ut av prosjektet i form av lering. Musikkærar ser ikkje ut til å ha vore spesielt aktiv i prosjektet, og det er ikkje tydeleg om/korleis h\* n har tatt i bruk noko av stoffet i eigne timar med andre klassar.

**Kunstnarolle:** Kunstnarane ser ut til å ha planlagt og tilrettelagt timane nøye. Dei har høge ambisjonar, og agendaen er at elevane skal læra seg praktisk musikkutøving. Hensikta med å lære elevane såpass mange handverksmessige dugleikar ser ut til å vere å gjere dei i stand til å bruke reiskapar for å kunne ytre seg musikalsk. Kunstnarane spelar av og til for elevane, men desse lyttestundene verkar av og til litt tilfeldige der visning står meir i fokus enn kunstnarleg kvalitet. Framsyningane elevane, lærarane og musikarane har stått for er spanande og godt organisert. Spørsmålet om vektlegging av det kunstnarlege bør kanskje adresserast meir spesifikt.



<sup>6</sup> Livsverd (tysk Lebenswelt) er eit filosofisk og sosiologisk omgrep som omfattar den konkrete levde verda som kvar av oss lever i.

**Dialog:** Dialogen mellom musikarane og lærarane er godt etablert, der det kjem fram stor felles innsats for å hjelpe klassen til å meistra. På same tid ser det ut til at det er musikarane sin utøvande musikk-kunnskap som kjem tydelegast fram i samarbeidet. Musikarane underviser ein del. Me ser at dialogen mellom musikarar og lærarar har utvikla seg, og me trur dei sist nemnde vil bli meir synlege i pilotfasen. På denne skolen har det også vore digital planlegging på felles dokument mellom lærarar og musikarar. Dialogen med elevane er synleg, men prosjektaktivitetane er vaksenstyrde opplegg med svært tydelege læringsmål. I Karusell-opplegget blei mange andre lærarar samt kulturvertane trekte inn i arbeidet, og me opplever at dialogen med resten av skolen sine tilsette har vore tydeleg.

Dialogen på skole nr. 3 viser at dialogisk arbeid må utvikla seg over tid, der starten kanskje er at lærarar prøver å sei ja til musikarane sine planer, men at likestilte diskusjonar først finn stad når det er opparbeidd gjensidig tillit, og partane har kunnskap om kvarandre sine kompetansar og idear. Prosjektet og dei dialogiske modellane som skal utviklast kan truleg tene på å ta høgde for/ akseptere at det tek tid å utvikle ei samarbeidsform.

**Kunstnarlege utgagnspunkt:** Sidan såpass mykje av innsatsen har gått med til å undervisa elevane i komposisjon og bandspeling, meiner me denne aktiviteten i stor grad kan seiast å ha kunstnarleg aktivitet og øving (Kaø) som utgangspunkt. Elevane har fått høve til å fordjupa seg i, øve seg på å meistra ulike former for musikalsk materiale og uttrykk, og dei har fått høve til å arbeida vidare og leggja dette til rette for eit publikum med sikte på formidling.

### 5.3.3 - Drøfting og forslag til tiltak for gjennomføring av pilot på Skole 3

Elevane har truleg fått læra mykje meir enn det som er forventa for ein 3. klasse i musikk. og dei har fått høve til å vise kva dei kan for resten av skolen og foreldre. Musikarane og klasselærarane ser ut til å vere i ferd med å finne ei arbeidsdeling der dei to gruppene sine faglege styrke blir brukt til beste for elevane. Resten av skolen har vore mykje involvert i det som har skjedd i prosjektet og kulturvertane har fått delta i prosjektet. Ein bør tenkja over om det er naudsynt at så mykje blir prøvd gjort, av og til på ein gong. Både komposisjon/lydopptak, lære seg å komponera på iPad, halda ein konsert og ha ein formidlingskarusell trur me er i meste laget. Opplegget var i starten prega av at musikarane kom med ein plan og lærarane sa ja til den. For at prosjektet i større grad skal fungera dialogisk, må planlegging i større grad vera dialogbasert og byggja på begge parter sine idear (noko som ser ut til å ha utvikla seg sidan dei første møta).

Nå kan det kanskje synast som det blir tatt for lite omsyn til elevar sine idear, ynskje og livsverd. Det finst fleire måtar å ta dette vidare på inn mot pilotfasen. Me trur mengda ulike typar aktivitet kan reduserast noko og det kan bli betre balanse sett i forhold til elevmedverknad. Det kan

vurderast å gje kulturvertane ei utvida rolle eller å ha eit sterkare samarbeid med eldre elevar. Det kan vera ein fare for at alle blir for slitne på grunn det tette aktivitetsprogrammet. Det kan også vera lurt å forsterka arbeidet med ennå meir involvering av resten av personalet, ikkje minst dei som underviser i musikk.

Vi har i tillegg eit ynskje om større fokus på mål for arbeidet. Elevane har lært mykje; men kvifor? Dominerer aktivitetsdesignet i så stor grad at prosjektet sine overordna målsetjingar med omsyn til inkluderande prosesser og dialogiske prosessar blir for lite synlege og bevisstgjorde?

### Forslag til tiltak:

Skole 3 bør velja færre tilnærningsmåtar i piloten. Vi foreslår å velje mellom følgjande:

1. Gå vidare med iPad-komponering, evt. med utvikling mot innspeling av ting som blir laga (lydspor, film, performance, utstilling). Denne varianten vil ha store mulegheiter for å gje elevane større kreativ fridom.
2. Gå vidare med bandspeling, evt. med framföringar (konsert, lydspor, film) (både variant 1 og 2 kan vera ein del av eit anna arrangement, t.d. Skolen sin time, foreldremøte, klassen sin sommarfest eler liknande).
3. Bruka våren på å få fram eit musikalsk og gjennomarbeidd grunnlag for å visa resultat i form av ein formidlingskarusell/vandrekonsept - og produsera og gjennomföra denne.



Alle tiltaka vil etter vårt syn dreia utgangspunktet «kunstnarleg aktivitet og øving» noko meir i retning av kunstnarleg formidling i arbeidet med piloten våren 2018, og vil kunna involvera skolen sine andre elevar og personale sterkare, noko som kan vera spanande, men også arbeidskrevjande. Musikarar og lærarar kan også med fordel drøfta tiltak som kan føra til ein annan balanse i undervisningsaktivitet der musikarane blir meir konsentrert om det kunstnarlege og trekk seg noko meir tilbake frå den didaktiske praksisen enn nå. Det kan også arbeidast med tilnærmingar som i større grad vektlegg elevane sine idear og ynskje utan at ein abdiserer som vaksne. Det praktiske problemet med at elevane blir slitne med heildags aktivitet krev også gjennomtenking, enten ved at musikarane brukar halve dagar på skolen, eller ved at ein tar inn ei ny gruppe elevar ein del av dagen.

Det er viktig at skolen sitt personale blir informert om planar og aktivitet, og dersom dei skal involverast i prosjektet må det tilretteleggjast for dette gjennom administrative tiltak. Korleis piloten vil koma til å sjå ut på denne skolen våren 2018 vil vera avhengig av kva for val partane landar på. Piloten vil da kunne heita ”komponering og IPad”, ”klasseband” eller ”musikkkarusell” (tentative namn), og metodikken i prosjektet bør då justerast inn mot eit slikt fokus.

## 5.4 - Skole 4 - rammer for DiSko -pilot

### Forslag til arbeidsnamn for denne piloten: BodyTalk

- **Musikar:** En dansar
- **Elevar:** To klassar, (til saman 40 elever) på 4. trinn
- **Lærarar:** 1 til 3 lærarar til stades i klassen. Klasselærar, musikklærar og assistentar.
- **Tid:** Økter på 60 min. 8 besøk spreidd over heile semesteret
- **Stad:** I dansesal eller andre eigna lokale
- **Utstyr:** Musikkspelar, kostymer og rekvisitter (Hattar, stokkar, vestar, garn)
- **Planlegging/evaluering:** Før første økt, deretter etter alle økter. Oftast to lærarar og kunstnar
- **Relevans:** Mange målformuleringar i læreplanane for musikk og kroppsøving

### 5.4.1 - Deskriptiv synopsis

**Ide og intensjon:** La elevane bli kjende med seg sjølv som dansarar, styrke kroppsmedvit og systematisk utforskning av ulike verkemiddel som dansarar brukar, for eksempel dans med artefakt til musikk, og utforskning av rørsle og kroppsuttrykk (basic movement) med nøye utvald musikk som støtte. Samarbeidslæring, respekt for andre, eigne val, eg og dei andre. Gestikk, symbolikk, teikn i rørsle. Prosessorientering.

### Kva har skjedd i utprøvingssemestret?

Øktene (bortsett frå den første, som var ein time der dansar introduserte seg sjølv ved hjelp av ei interaktiv førestelling) ser ut til å ha ein framdrift og prosess omtrent som følgjande: (med variasjonar): Oppvarming- dansar nærmar seg tema- drar inn einskild-elevar, eller skaper grupper. Berre nokre av øktene inneber arbeid i grupper, anna elevarbeid skjer i forhold til opplegg/invitasjon utan ord frå dansar. Dansar har likevel tematikk eller rammer som elevane kan vera kreative innanfor. Det er ikkje direkte instruksjon, men svært mykje demonstrasjon som elevane ofte imiterer før dei finn på eigne rørsler.

Dansar legg stor vekt på gjennom heile sin virkemåte å demonstrera ulike ‘moves’ og mønster som elevane kan imitere eller finne sitt eige uttrykk gjennom. Øktene utviklar og blir styrde ved hjelp av eit i hovudsak gestisk språk som elevane raskt forstår og tar til seg. Artefakt blir brukt både for å ta vekk fokuset på eigen ”prestasjon” og for å visa at dei kan brukast som kunstnarleg verkemiddel i dans, og dermed legge til rette for elevane si utforsking av korleis artefakter kan spela saman med det kroppslike uttrykket på ulike måtar. Nøye utvald musikk er med på alle opplegg. Musikken verkar både som bakgrunn og kan også vera dansestimulerande.

Øktene endar med ei oppsummering/refleksjon der elevane sit i sirkel og snakkar om og set namn på det dei har gjort og opplevd og kjenslene sine rundt det. Dansar stiller ofte leiande spørsmål i dette som er metodisk tydelege og som hjelper elevane i refleksjonen.

t.d. *Elev: Det er litt flaut å gjøre noe feil. Dansar: Her er det jo ingen som vett korleis det skal vera, så det er jo litt flaks.* (frå refleksjonsdialog etter økt 6).

## 5.4.2 - Vurdering

**Elevrolle:** Praktisk talt alle elevar er på golvet heile tida, av og til er det nokre som trekkjer seg ut. Samstundes er elevane aktive innanfor dansaren si styring og planlagde prosess. Me ser lite av at elevane får dansaren over til å gjera noko som ikkje er planlagt, eller at dansaren responderer og spinn vidare på ein elevs idé eller respons. Elevane er altså aktive og skapande, men innanfor klare rammer som dansaren legg til rette for dei. Trass i at dansaren kjem fleire gonger til skolen og arbeider med elevane, er ikkje dansaren ein ‘insider’ på skolen og dette kan vera årsaka til at det ikkje blir opna opp for større grad av idémyldring. Det er også muleg at ei slik tilnærming ville vera vanskeleg å gjennomføra i eit konsept som dette, der det estetiske språket er såpass annleis enn det elevane er kjende med frå før.

**Lærarrolle:** Læraren er til stades, og til dels også med i dansen, men er også av og til ein figur som trekkjer seg ut av aktiviteten. Nokre lærarar, som er assistenter ‘hysjar’ og er aktive og styrande i nokre gruppearbeid der det ser ut til å vera dansaren si hensikt å la elevane utvikla samarbeidslæring.

**Kunstnarrolle:** Kunstnaren ser ut til å ha planlagt timane nøyne. Noko av det som er blitt gjort trur me er initiert frå lærarane i planleggingsmøte, t.d. lærarane sitt ynskje om at danseaktivitetane skal føre til samarbeidslæring. Kunstnaren viser sin identitet som dansar gjennom den kroppslege måten å vera til stades på, og ho viser si forståing av dans gjennom måten ho lar elevane røra seg og måten ho sjølv rører seg på. Ho diskuterer også si forståing og praktisering av dans med elevane i refleksjonsdelen av øktene etter at danseaktivitetane er avslutta.



**Det dialogiske:** Kunstnaren står i hovudsak for planlegging og heilt for gjennomføring av opplegga. I eit prosjekt som dette, der det kunstnarlege språket er så tydeleg annleis enn skolen sitt, kan det vera ein fordel at kunstnaren får høve til å planleggja innanfor eigen faghorisont. Graden av og forma på samarbeid i DiSko kan altså ikkje berre vera at alle skal ha påverknad på/bestemma alt, men eit poeng, i alle fall i nokre typar produksjonar, må vera å halda på den faglege integriteten og bidra med den, slik som i dette tilfellet. Lærarane sine bidrag knyt seg til observasjon av, informasjon om og diskusjon rundt enkeltelevar sin måte å fungera på i øktene. Eit styrka samarbeid mellom dansar og musikkklærar, for eksempel om musikkval, kunne vera muleg (dansar har hand om dette nå).

**Kunstnareleg utgangspunkt:** Sidan elevane og dansaren er så kroppsleg aktive i øktene og prøver mange forskjellige uttrykksformer innan dans med musikk til, vurderer me kunstnaren si rolle og dermed aktiviteten til å ha mest fokus på ulike former for danseuttrykk slik me finn det innanfor dans som kunstnarleg verksemd. Body talk kan karakteriserast som ei rekke aktivitetar der elevane får prøva og øva seg på kunstnarleg verksemd og dei verkemedel som hører til. Prosjektet også har eit vesentleg element av kunstnarleg identitet (Ki), fordi det så tydelig er dansaren som leiar klassen på ein dansemåte, med mykje non-verbal kommunikasjon, der ho dreg elevane med inn i si verd som dansar.

Det er etter vårt syn lite av kunstnarleg formidling (Kf) her, fordi det ikkje finst noko tydeleg ‘kunstverk’ i utgangspunktet, men små ‘danseverk’ blir skapt sjølv om det er lite vekt på vising og framføring.

Opplegget har eit tydeleg element av kunstnarleg miljø og kontekst (Kmk) fordi aktivitetane går føre seg i eit stort rom med flatt golv som kan minna om ein dansesal, men det ser ikkje ut som dette blir snakka om og bevisstgjort i opplegga. Kommunikasjonen som blir brukt kan sjåast på som eit alternativ til skolen sin bruk av verbalspråk og skriving, fordi det kroppslege og sansemessige språket i produksjonen står fram som tydeleg annleis enn ei tradisjonell tilnærming til læring i ein vanleg skolekvardag.

#### 5.4.3 – Drøfting og forslag til tiltak for gjennomføring av pilot på Skole 4

På skole 4 får elevane mange høve til å prøva ein annan innfallsvinkel til det å læra, gjennom kjennskap til og direkte erfaringar med å meddela seg og gje uttrykk kroppsleg og i dans. Det er lett å sjå at elevane forstår dette språket og tar det i bruk. Det er lite informasjon i forkant om kva som skal skje, det berre skjer. Det at eleven ikkje blir gjort kjent med målsettingar og resultatmål for øktene synes å gje elevane ei overraskande reise som kan by på estetiske kvalitetar og opplevingar.

Lærarane si rolle er ikkje særleg tydeleg for oss. Me saknar særleg musikklæraren. Det er mykje musikk i dette opplegget i kvar økt, og det kunne ha vore utnytta. Me er usikre på om skolen kan vidareføra slike aktivitetar utan kunstnaren. Det andre personalet og skolen som mekanisme ser i liten grad ut til å vera eksponert for og innforstått med arbeidet som går føre seg. Lærarane tar i liten grad opp danseaktivitetar mellom øktene, men dialog om innhald synes å vera godt etablert, særleg med tanke på å gje kunnskap om einskildelevar. Me seier ikkje at dette er lett å få på plass, men opplegget har mange verdiar mange fleire elevar kunne få glede av. Korleis dette skal gjerast må drøftast.

Piloten 'Body Talk' har ei stor utfordring i høve til å få til eit metodisk arbeid for å utvikla klasselærarrolla i produksjonen. Sjølv om samarbeidet har vore omfattande og produktivt i eksperimenteringsfasen vil det vera viktig å fokusera på korleis og i kva grad lærarar utan formell dansekompesanse kan ta opp i seg ulike aspekt av ein dansar sin veremåte, kommunikativt språk og framferd i klasserommet. Det vil også vera interessant å få kunnskap om korleis ein heil skole kan få auga opp for det didaktiske potensialet i dans og rørsle, ikkje berre som del av noko kunstnarleg, men også til å leika med ein "touch of magic" i eiga undervisning.


Dette fokuset er viktig når ein skal vurdera langtidseffekt av Body Talk. Sjølv om produksjonen har kunstnarlege utgangspunkt, har den utan tvil eit didaktisk potensiale der skolesamfunnet kan nyttiggjera seg prosjektet dersom lærarar maktar å arbeida vidare med dans/rørsle både som eit estetisk, kommunikativt og didaktisk skolerelevant språk.

### Tiltak:

- Dansar og lærarar blir einige om korleis og når andre lærarar skal involverast i piloten. Her er det viktig å ikkje pressa andre lærarar inn i ein dansekontekst som utfordrar dei for mykje, men det er også eit spørsmål om pedagogisk leiing. Eitt forslag er å la ein eller to lærarar som er ukjente med prosjektet få delta i øktene kvar gong og utarbeida en progresjonsplan for slik involvering, slik at fleire får konkret kjennskap til det som går føre seg i arbeidet med elevane.
- Dansar og lærarar skal orientera både på møte for SFO- tilsette og for lærarane på skolen (fordi assistentar frå SFO ofte er med inn i danseøktene i kraft av å vera knytt til einskildelevar). Det er også høve for andre interesserte og friviljuge lærarar til å få ei metodisk/didaktisk kurs eller innslag på lærarmøte med tanke på å gjera bruk av slik kunnskap i klasse når dansar ikkje er til stades/prosjektet er ferdig
- Klassen skal ha ansvar for ei fredagssamling<sup>7</sup>. Her vil både dansar og klasse opptre med rørsle og musikk. På denne samlinga er heile skolen, alle elevar og lærerar til stades
- Lærarar, i samarbeid med dansar, kjem med forslag til planar for korleis skolen kan ivareta dansen i timer mellom besøk. Dette kan t.d. involvera kroppsøvingslærar, musikklærar og gjerne også lærarar i andre fag

Lærarane/skolen ynskjer på lang sikt å gjøre dansarbesøk til noko som 4. klasse får ta del i kvart år, gjerne med gjentakande besøk av same dansar. Dette vil gje alle partar høve til langtidsplanlegging og vera eit langvarig og gjenkjenneleg samarbeid der skolen kan opparbeida kompetanse samstundes som det er handterbart i skolekvardagen. Eit permanent danseopplegg i 4. Klasse kvart år vil kunne innarbeidast i planane på ein betre måte enn ved ein tilfeldig turné. Me trur ei slik løysing kan vera med på å gjera ”trusselbildet” av dans i klassen mindre for lærarane.

‘Body talk’ er innhaldsmessig, kunstnarleg og som reiskap i kommunikasjonen mellom dansaren og elevane komen langt på veg mot ein pilot, men den manglar praktiske relasjonelle element mellom dei vaksne, og dette kan det fokuserast på og arbeidast vidare med i piloten.



7 På denne skolen samlast alle kvar fredag i første time til sang, ymse framføringer, «monadens kunstner» bursdagsmarkeringar og andre kunngjeringar. Det er kulturkontakten som har ansvar for å sy saman program.

## 6.0

# Oppsummerande drøfting etter DiSko-prosjektet sitt første intervensionssemester

---

Kommunikasjonen mellom musikarar og lærarar har fungert rimeleg godt i den første intervensionen i skolane hausten 2017. Det er truleg meir å henta i samarbeid enn det som erfart til nå. Manglar i utnytting av eit slikt potensiale kan ha mange årsaker frå sjukdom til praktiske hindringar, men også på grunn av vurdering av eigen kompetanse sett i forhold til prosjektaktivitetane.

Dei to gruppene, musikarar og lærarar, har vist at det synes å vera lett å jobba samen mot eit felles mål. Grunnen til dette kan vera DiSko sitt sær preg som prosjekt ved at det er 4 skolar som har meldt si interesse for å vera med prosjektet eller har sagt ja til ein invitasjon. Me oppfattar ingen av prosjektskolane som ”eliteskolar” i musikk, sjølv om me har møtt mange på ulike nivå som viser stor interesse og som har ei sterk tru på estetiske fag og aktivitetar som sentrale. Dette stemmer godt med det me veit om barnetrinnet sitt syn på estetiske fag. (Espeland et. al 2013<sup>8</sup>). Ei anna sak er at musikarane i prosjektet ikkje er tilfeldig valt ut (noko dei heller ikkje er i meir tradisjonelle skolekonsertar). Musikarane er profesjonelle utøvarar med stor interesse for barn og unge, og med interesse for å utøva yrket sitt i lys av samfunnet rundt seg.

Me opplever at elevane lærer mykje i alle intervensionar, og at dei er glade for det. Elevane har også fått vore svært aktive i det arbeidet som er gjort gjennom denne første intervensionen. Ingen av intervensionane har makta å involvere resten av skolen fullt ut, men på nokre skolar har dette skjedd i større grad enn andre. Spørsmålet om slik involvering har ikkje vore djuptgåande drøfta på prosjektsamlingar, men det vil vera eit viktig spørsmål i drøftinga av korleis det kan skapast ei kjensle av eigarskap hjå dei skolane som tek mot skolekonsert/DKS-verksemd med eksterne musikarar eller kunstnarar.

Me ser at lærarar ofte er passive i situasjonar der musikarane styrer, og me er, med nokre unntak, usikre på i kor stor grad det går føre seg praktisk musikalisk oppfølging mellom musikarane sine vitjingar. I nokre tilfelle der slikt arbeid er heilt konkret lagt inn i opplegg, ser me også at dette er muleg og at det skjer. Spørsmålet me stiller er i kor stor grad dette er avhengig av kompetanse og det spesifikke innhaldet i prosjektaktivitetane.

Initiativ til involvering av resten av skolen kan ikkje koma frå kunstnarane, men må vera eit leiingsspørsmål. Sjølv om leiarane er positive til prosjektet og engasjerer seg ser me likevel at leiingsrolla når det gjeld slike spørsmål blir utydeleg.

---

<sup>8</sup> Espeland, M., Arnesen, T. A., Grønsdal, I. A., Holthe, A., Sømoe, K., Wergedahl, H. & Aadland, H. (2013). Skolefagsundersøkelsen 2011: Praktiske og estetiske fag på barnesteget i norsk grunnskole. (HSH rapport No. 7). Stord: Høgskolen Stord/Haugesund.

Eit anna spørsmål er korleis ein kan styrka elevperspektivet og elevane sin påverknad og høve til å vera kreative i intervensionane. Dette har vore ei utfordring i fleire av aktivitetane, noko som både kan ha samanheng med dei spesifikke opplegga som finn stad og kompetanse hjå lærarar og musikarar.

På fleire av skolane blir det peika på at ”dette ønsker vi å ha kvart år for dette trinnet”. Me ser på dette som både eit uttrykk for ei verdisetting av prosjektaktiviteten og som eit ynskje om å skapa faste og føreseielege rammer for ein aktivitet og som noko som elevane kan gle seg til. Det kan og vere eit uttrykk for at skolen sitt personale ser på meir langvarige relasjonar med kunstnarar som ei god støtte til eiga undervisning. Ein slik tanke krev ei drøfting av turnéformat og arbeidsdeling mellom det lokale og sentrale DKS som må takast på strukturelt nivå sentralt i DKS.

Skolane sin kompetanse, undervisningskvalitet og frekvens når det gjeld musikkundervisning og musikkaktiviteter, og dermed elevane si bygging av musikk-kompetanse er sentrale for kor mykje av musikarane sin utøvarkompetanse som kan bli realisert gjennom samspelet med elevane. Låg kompetanse og manglande fokus på fagleg utvikling og undervisning i dei estetiske faga i ein skole vil dermed utgjera ein trussel mot eit dialogisk musikarmøte gjennom DKS-aktivitet.




## 6.1 - Frå utprøving til pilot og prototype

Dei fire skolane som har vore gjennom intervensionar som utprøvande aktivitet hausten 2017, skal våren 2018 vidareforedla desse i tråd med erfaringar og tiltak som ein pilot. Pilotar er intervensionar som basert på erfaringar som siktar mot å få ei form og ei beskriving som kan gjera dei eigna som prototypar av dialogiske skolekonsertar i vid tyding.

Når me ser på det arbeidet som er gjort til nå ser me at alle partar har gjort nyttige erfaringar, og at DiSko som prosjekt har auka kunnskapsgrunnlaget vårt monaleg sett i forhold til utgangspunktet. Denne kunnskapen er først og fremst av organisatorisk og didaktisk art. Når det gjeld det kunstnarlege utgangspunktet, som jo er heilt vesentleg for både DKS, Kulturtanken og styremakter, så ser me at prosjektet har fått fram erfaringar som kan klassifiserast noko ulikt.

I ei plassering innanfor det me har kalla fire ulike kunstnarlege utgangpunkt kan dei fire pilotane slik dei nå ser ut plasserast som i figuren nedanfor.


**Fig. 4: Skolane sine prosjekt hausten 2018 vurdert etter kunstnarlege utgangspunkt**



Plasseringa av dei ulike skolane viser at det er størst vekt på kunstnarleg aktivitet og øving, dvs. at elevane si øving på å meistra ulike former for verkemiddel som blir brukte for å skapa kunstnarlege uttrykk, står sentralt. Dette viser at dei elevaktive sidene av arbeidet til nå har fått ei sentral plassering. Ein interessant observasjon er også at kunstnarleg formidling har fått ein langt mindre plass ein skulle forventa, mens kunstnarleg identitet har vakse fram som eit nyskapande og interessant kunstnarleg utgagnspunkt.

Forskinsleiinga sitt mål er å få fram fire konkrete pilotar som alle kan sikta mot ei slik utvikling. Det krev ei meir systematisk og progresjonsorientert tenking og gjennomføring og det krev ei grunnleggjande refleksiv og open haldning hjå alle som blir involvert på styrings- og gjennomføringsnivå. Hausten 2018 skal pilotane prøvast ut som prototypar som då etter kvart vil få eit så rikt erfaringsgrunnlag at dei skal kunne bli brukt på ein annan skole eller i ein annan kontekst på same skole.

Spørsmålet om i kva for kontekst prototypane skal gjennomførast hausten 2018, som er det siste prosjektsemesteret til dei fire barneskolane i sekvens 1, vil bli drøfta og avgjort i løpet av våren 2018. Dette spørsmålet må også vurderast i lys av inntak av fire nye skolar i sekvens 2 dette semesteret, og kva for kunnskapsoverføring som kan finna stad mellom sekvens 1 og sekvens 2 i prosjektet. Planen nå er at DiSko-prosjektet denne hausten (2018) vil starta med fire nye skolar rekruttert til prosjektet, og prosessen med pilotutvikling vil bli gjenteken med nye tema, andre musikarar og til andre klassetrinn. Dette vil bli gjort for å kunna utvikla best mulege svar på prosjektet sine problemstillingar og målsetjingar.



# Vedlegg

---

# Vedlegg 1:

## ‘Beredskapsdokument’ på bakgrunn av produksjonsrapport 1

---

Oppsummering av føresetnader for gjennomføring av dialogiske produksjonar vurdert etter første intervensjon, haust 2017 på 4 skoler og med 4 musikargrupper: (Pilotstadium).

Hausten 2017 hadde 4 skolar gjentekne besök av musikarar frå DiSko-prosjektet. Forskarane i DiSko har gitt lærarar og musikarar relativt frie hender til å samarbeide om prosjektidear. Vi kan allereie sjå nokre føresetnader for at ein skal kunne utforme og gjennomføre dialogiske musikarbesök på skoler, og dei er lista opp nedanfor.

Når det gjeld arbeidet som er utført på den einskilde skolen, så vil særpreg og føresetnader bli tydelegare i løpet av våren 2018. Arbeidet på kvar skole har blitt følgt av forskarar, og på bakgrunn av forskarane sine observasjonar, har kvar skole fått i oppdrag å styrke og styre sin produksjon i ei bestemt retning. Alt som er lista opp her er med andre ord ikkje nødvendigvis på plass hos alle produksjonar i DiSko-prosjektet i dag, men forskarane meiner at dette er reelle behov og ynskjer at skolane skal arbeide vidare med å utforske og kartlegge på kva måtar aktivitetane skal kunne gjennomførast i form av pilotar.

For kvar skole/produksjon har vi på dette tidspunktet primært ført opp tekniske og praktiske krav til produksjonen. Slike krav, for eksempel frekvens, vil kunne endre seg i løpet av våren 2018.

### Føresetnader for alle dialogiske skolekonsertproduksjonar:

- Rektor/leiing må være interessert i og ønskje å sjå produksjonen som ein del av skolen si verksamhet. Det kan vere at denne typen prosjekt krev eit initiativ/påmelding frå skole, eventuelt gjennom ei gjensidig kontrakt
- Ein intensjon frå gjester og vertskap om å utvikle noko saman og på like fot som kan kome skolen og elevane til gode
- Felles tid for planlegging mellom musikarar og utvalde lærerar i forkant av prosjektet
- Felles tid for planlegging og evaluering knytt til musikarbesök
- Felles forslags- planleggings- og diskusjonsarena skriftlig (Gjerne webbasert)
- Mulegheiter for å arbeide med utvalde klassar eller elevgrupper
- Elevane får møte musikarane fleire gonger/ over tid
- Gjennomdrøfta lengde på økter eller møte med elevane (ikkje for lange besök/økter)
- Resten av skolen, både elever og lærarar må få en reell relasjon til prosjektet, og at det er lærarar og musikarar i prosjektet som skal initiere slik aktivitet i samarbeid med rektor. (Slike aktiviteter vil bli prøvd ut våren 18)

### **Tilleggsføringer som vil gjelde i mange produksjonar:**

- Musikkårer bør vera sentral i opplegget og klar for å bruke musikktimer som del av prosjektet
- Prosjektet sikter mot en type produkt, enten som sluttresultat eller undervegs. Format på produktet kan være visning/konsert, men også være digital, auditiv osb.
- Skolen bør kunne setja av timer frå ulike fag til prosjektet for dei aktuelle klassane
- Produksjonane bør tematiserast, dvs. handle om noko som er relevant for skolen si verksemد

## **Føringer for dei spesifikke pilotane i DiSko-syklus 1**

### **Pilotproduksjon 1 – Cover Me:**

- Minimum 1 musikar
- Minimum 5 skoletimar pr. klasse, minimum 1 uke mellom kvart besøk
- Frå 5. klasse
- Det trengst ei elevgruppe med noko dugleik i praktisk musisering på gitar (her kunne alle 2 grep på gitar)
- Musikkårer som vil samarbeide tett med musikar
- Musikkårar og elevar må vere innstilde på å øve mellom besøka
- Oppdatert utstyr når det gjeld bandinstrument, helst klassesett med gitarrar
- Digitale kommunikasjonsmogleheter, også til å ta opp og sende lyd
- Musikar må ha redigerings/komponeringsverkty som kan takast i bruk mellom skolebesøka

### **Produksjon 2 – Songkick:**

- Minimum 2 musikrar
- For mellomtrinn/klasser på mellomtrinn. Enten ein klasse eller eit friviljug skolekor eller ein kombinasjon
- Maksimum halv dag med same gruppe
- 3 eller fleire besøk med maksimum 2 veker i mellom
- Muligkeit for oppkjøring på slutten der musikrar er på skolen heile og følgjande dagar dersom produksjonen skal ende i ei forestilling
- Føringer for fellessong på skolen
- Alminneleg utstyrt musikkrom, eller anna eigna rom, scene
- Støttefunksjon (ynskjeleg, men ikkje nødvendig): Produsent til forestilling dersom den er av ein viss storleik

### **Produksjon 3: Musikarverkstad:**

- Minimum 2 musikarar
- Regelmessige besøk, halv dag over minimum 5 veker
- Frå 3. Klasse, ei utvald klasse
- iPadar til alle elever
- Mulegheit for medverking av kulturverter/utvalde elevar frå eldre klassar
- Bandutstyr
- Redigeringsutstyr

### **Produksjon 4: Body talk:**

- Dansar(ar)
- Frå 4. Klasse
- Stort rom med flatt golv
- 1 time pr. klasse over minimum 5 veker
- Godt avspelingsutstyr

## Vedlegg 2:

# DiSko observasjonsskjema

Støtteark for observasjonar/videoobservasjonar i DiSko-prosjektet

Dato/Sted:

Forskar:

Tidspunkt:

Hovudinformant(ar) (type, f. eks lærarar, elever etc.):

Hending:

Observasjon av:

**Beskriving:** Gi ei kort beskriving av situasjonen

5-10 nøkkelord som summerer ditt hovudinntrykk

Kva for nye tankar fekk du under observasjonen (tankar, innsikt, ny kunnskap eller nye retningar å undersøke som blei utløyst av observasjonen)? Korleis kan du eventuelt forfølge desse nye tankane? Kven/kva kan du intervjuje/observere for å utdjupe det du har merka deg her?

Kva "slo deg" i det du observerte??

På kva for måtar handlar det du har sett om relasjonelle kunstididaktiske praksistar?

Beskriv kort det du opplever som deltakarane sitt perspektiv

Fleire spørsmål/andre ting ved denne observasjonen eller di eiga rolle du ynksjer å trekkja fram?





# **Skole og konsert – fra formidling til dialog (DiSko)**

---

Forskningsprosjektet DiSko (2017 – 2020) er eit innovasjonsprosjekt som har som målsetjing å utvikle nye praksisar for skolekonsertar i Norge. Gjennom DiSko prosjektet vil vi finne ut korleis ein kan produsere og distribuere konsertar og anna kunst for elevar i skolen på ein slik måte at det kan utviklast meir eigarskap til skolekonsertane hos alle deltagarane som er involverte.

DiSko-prosjektet finn stad på skolar, der musikargrupper skal samarbeide med klassar og lærarar om musikalske produksjonar på ein innoverande og dialogorientert måte.

Det faglege utgangspunktet for prosjektet er at skolekonsertar med musikarar skal vere godt integrerte i skolane sine daglege planar og aktivitetar, og at lærarar og musikarar skal vera likeverdige profesjonelle samarbeidspartnarar i utforming og gjennomføring av prosessar og produksjonar som skal gå føre seg på skolane.

Produksjonsrapport nr. 1 er den tredje av ei rekke prosessorienterte rapportar frå prosjektet der siktet er å informera aktuelle brukarar om framdrift og resultat i prosjektet.

**[www.diskoprosjektet.no](http://www.diskoprosjektet.no)**

**Prosjekteigar:** Kulturtanken

**Forskningspartnar:** CASE-center, Høgskulen på Vestlandet [www.casecenter.no](http://www.casecenter.no)

**Prosjektansvarleg i Kulturtanken:** Egil Rundberget

**Prosjektleiar HVL:** Førsteamanuensis Kari Holdhus, CASE

**Forskningsleiar HVL:** Professor Magne Espeland, CASE

**Finansiering:** Forskningsrådets FINNUT-program.

**Tidsramme:** 2017-2020